



Statens vegvesen

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Behandlande eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Marianne Skulstad / 55516253	Vår referanse: 17/32413-2	Dykkar referanse: 17/426-17/4020	Vår dato: 20.03.2017
------------------------------------	--	------------------------------	-------------------------------------	-------------------------

Uttale til søknad om dispensasjon frå kommuneplanen – gnr. 9 bnr. 2 Hjertås i Meland kommune

Vi viser til søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for eigedomane gnr. 9 bnr. 2 og 28 på Hjertås i Meland kommune. Søknaden gjeld arealoverføring av 450 m² frå bnr. 2 til bnr. 28.

Om søknaden

Gnr. 9 bnr. 2 er ein landbrukseigedom som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til landbruk-, natur- og friluftsføremål (LNF). I samband med søknad om arealoverføring, er det søkt om dispensasjon frå LNF-føremål, for bustadbygging på tomte. Gnr. 9 bnr. 28 er i reguleringsplan for Mongsedalen/Mjukebakkane, planID 125620010502, avsett til hytter/bustader.

Det omsøkte arealet ligg inneklemt mellom bustadeigedomar. Drift av skogsarealet er av søker vurdert som svært urasjonelt. Det er difor ønske om å legge arealet til naboeigedomen, for å gi ei betre utnytting ved bustadutbygging.

Vurdering

Dei omsøkte eigedomane har tilkomst via privat veg Ingeskjeret til kommunal veg Orrhøyen, som igjen har tilknytning til fv. 564 Rosslandsvegen.

Statens vegvesen har ingen merknader til kommunen sin handsaming av saka.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

